



GODE NYNORSKBØKER FOR VIDAREGÅANDE



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



Hilde Myklebust: Splintr

2022 | 288 sider | Samlaget

Vennegjengen til Mia skal begynne på vidaregåande, men først skal dei ha ein fin sommar saman. Dei møtest i fjæra, syng, drikk øl og nyt livet. Mia og Are har kjent kvarandre lenge, men nå er noko annleis. Er dei berre venner, eller er det noko meir? Men så blir Are alvorleg sjuk.

For Mia blir det utfordrande å gå på skolen og å delta i fritidsaktivitetar samtidig som Are er på sjukehuset. Når ho får ei hovudrolle i musikalen dei skal setje opp, og kjekke Adil får den andre, blir kjenslene hennar vanskelege å handtere. Er det greitt å kjenne på dei gode kjenslene samtidig som ho er knust fordi bestevennen er så sjuk? Inne i Mia er det kaos, og ho veit ikkje kva ho skal gjere. Vennene støttar kvarandre som best dei kan, og Are ønsker dei skal gå ut og ha det kjekt.



Bjørn Hatterud: Blokka på Bjerke

2023 | 198 sider | Samlaget

Hatterud fortel si historie om høgblokka på Bjerke og korleis det var å bu der. Han er ein glimrande og engasjert forteljar som skriv med sarkasme og sjølvironi. Han fortel om funksjonshindringane sine og korleis det er å ha «ein kreativt samansett kropp».

Livet i blokka står sentralt i forteljinga. Han flytta dit då han var tidleg i 30-åra og hadde fått uføretrygd. Det var eit nederlag for han, men han fekk høve til å kjøpe seg ei leilegheit: «Jamaldrande fekk ferdig utdanning, arbeid og karriere, fast følgje og familie. Eg fekk trygd». Det blei også ei tid med svært dårleg råd og mange tunge stunder. Kritikken mot haldningane samfunnet har til folk på trygd, er tydeleg.

I blokka blir Bjørn kjent med naboane Bjarne og Ester, som var dei første som flytta inn då blokka var ny. Desse to blir gode vener av Bjørn, sjølv om dei er mykje eldre enn han. Han reflekterer over bustadprisar og politikk, og korleis blokka har endra seg.



Therese Garshol Syversen: Eg skal rive deg i filler

2024 | 185 sider | Samlaget

Kva gjer du når stor urett blir gjort mot familien din? Går du vidare som om ingenting har skjedd, eller tek du opp kampen mot dei som påførte deg smerta? I denne spenningsromanen følgjer vi tenåringsjenta Iben som jaktar på hemn. Ho er fast bestemt på at gutane som øydela livet til den fjorten år gamle veslesøstera hennar, Alexa, ikkje skal sleppe unna. Som tittelen gir eit frampeik om, har Iben ikkje klart å leggje den fæle hendinga bak seg. «Eg har berre orka å sjå videoen éin gong. Han varer i tretten minutt og sju sekund. Det er den tida det tar, tydelegvis.»

Etter Alexa dør, flyttar Iben Maria Løvenskiold heim frå kostskulen i Sveits til Frogner på Oslos beste vestkant. Der legg ho raskt ein plan for å hemne det som skjedde med veslesøstera. Spørsmålet er korleis ho best kan gå fram, og kven som kan hjelpe henne på vegen. Første steget er å bli betre kjend med gutane som står bak ugjeringa.



Gaute M. Sortland: Sanne historier

2023 | 114 sider | Samlaget

Sanne historier som tittel på ei novellesamling høyrer motstridande ut. Dei ni novellene kunne i og for seg vore sanne i tydinga realistiske, men nokre av forteljingane er rett og slett for gode til å vere sanne. Så er dei på ein måte sanne likevel, fordi dei tar opp noko allmennmenneskeleg.

Kjærleik og død er to gjennomgåande tematikkar. Draumen om kjærleik, kjærleikssorg og forhold som er oppløyste eller held på å gå i oppløysing, finn vi i fleire noveller. Døden er til stades i fleire variantar. Her er fleire faktiske dødsfall, men også nesten død, fare for død og redsel for død. Vi les om ho som ikkje orkar å utføre hjartekompresjon på turisten som ligg i krattet, og om han som let som om han får hjarteinfarkt for å få kontakt og få litt omsorg. Likevel er ikkje dette tragiske noveller, Sortland skriv med ein ironisk distanse og ein underfundig humor.



Erling A. Westgaard Flote: Utveg

2024 | 153 sider | Samlaget

Eg-forteljaren heiter Johanne og er 17 år. Ho bur på ein gard saman med foreldra sine, og må hjelpe til med gardsarbeidet. Ho er opptatt av å gjere det godt på skolen, for ho har lyst til å studere psykologi. Marte er besteveninna hennar, men ho er meir opptatt av kjærasten sin. Derfor treffest dei ikkje like ofte som før.

Johanne opplever ei sterk forventning om at det er ho som skal overta garden, og ho er svært usikker på om ho faktisk har lyst til det. Ho begynner også å undre seg over kvifor det ikkje er onkel Tor som driv garden nå, han er jo eldst. Onkel Tor seier at far hans ikkje brydde seg «om slike som meg» og «det er mykje du ikkje veit». Johanne tenker at dette må ho finne meir ut av.

Flote tar opp den plikta ei ung jente kan kjenne på overfor det tidlegare generasjonar har bygd opp, men også den forventninga ho har om å kunne velje framtida si sjølv.




Aina Basso: Før det blir morgon

2025 | 191 sider | Samlaget

Josefa på femten år skal vere tenestejente på ein storgard. Ho er forplikta til å arbeide på garden i eitt år, og vil bli straffa om ho forlét tenesta før tida. Heime er det venta eit nytt barn, og Josefa har måtta forlate det trygge og varme tilværet heime for å brødfø seg gjennom arbeid. Ho går frå ein trygg barndom til eit for tidleg voksenliv, slik som var mykje vanleg på den tida.

På garden møter ho den unge drengen Ole, gamle Olna som har arbeidd på garden sidan ho sjølv var ung, den eldre drengen og historieforteljaren Karl, og jamaldringen Sara – som også er tenestejente. Desse utgjer mest ein ny familie for Josefa. Sara blir ei god og trufast venninne, og kanskje har ho kjensler for Josefa som er sterkare enn det også.

Vi blir sogne inn i forteljemåten til Basso, og får lese om arbeid, draumar, håp og skjebnar. Lyse kveldar – og bekmørke hendingar – som i korleis straff og avretting skjer. Naturskildringar, segner og eventyr er med på å gje historisk forankring og frampeik.



Guri S. Botheim: Høgfjellsmeldinga


2023 | 334 sider | Oktober

Ragna Svae får auge på jobbutlysinga frå Norsk villreinsenter på Hjerkin. Ho synest utlysinga talar direkte til ho, og bestemmer seg for å søkje. Kjærausten Lars synest ikkje ideen er like god. Det er noko som dreg Ragna til Hjerkin. Vi skjønar snart at det er minna om ein tidlegare kjæraust, Gaute.

Ragna får oppdraget med å utarbeide ein NOU-rapport i samband med at det gamle skytefeltet til forsvaret skal innlemmast i nasjonalparken. Eitt av spørsmåla er korleis ein skal ta vare på villreinstammen i området. Ragna føreslår drastiske tiltak, og det kjem fram sterke motsetningar mellom verneinteresser og næringsliv.

Ragna får trusselmeldingar og oppdagar eit overvakingskamera på kontoret. Saka blir meld til politiet, men Ragna kjenner seg ikkje trygg lenger. Var dødsfallet til Gaute ei ulykke? Kven kan ho stole på?

Dette er ein svært aktuell og spennande roman.



Andrea Rudland Haave: Syttén, snart atten

2025 | 164 sider | Samlaget

Kor går grensa mellom ekte kjærleik og manipulasjon? Mia er syttén år då ho møter sin 28-årige Tinder-date på byen. Han får ho til å føle seg sett og spesiell. Men det som først verkar som ein draum, viser seg raskt å vere noko heilt anna.

Syttén, snart atten er ein ungdomsroman som tek opp viktige tema som maktubalanse, psykisk vald og kor avgjerande venskap kan vere når livet blir krevjande. Gjennom skildringar gir boka innsikt i korleis små teikn kan byggje seg opp over tid, og korleis det å forstå desse signala kan vere avgjerande for å ta gode val i nære relasjonar. Ungdomsromanen er medrivande og lettlesn og passar for dei som vil ha ei tankevekkjande og engasjerande leseoppleving.

Syttén, snart atten er ei forteljing om å bli sett og om å miste seg sjølv. Det er òg ei forteljing som viser kor viktig det er å ha nokon som held deg fast når du endeleg torer å rive deg laus.



Oliver Levang: Freden

2022 | 96 sider | Überpress

Freden og andre historier er ei samling med seks teikne-serienoveller frå perioden 2016 til 2019. Skrekk og grøss er eit gjennomgåande tema når Levang lagar teikneseriar, og slik er det også her.

Tittelhistoria handlar om korleis ein konflikt kan vekse utan at nokon av dei involverte eigenleg ynskjer det. To grupper har lenge vore i konflikt med kvarandre, og når hendingar som i utgangspunktet var uskuldeige mistak, skal hemnast, ballar det på seg og vert til slutt open krig.

Andre av historiene hentar til dømes inspirasjon frå eventyr og og illustrasjonane til Theodor Kittelsen, men Levang gjev det heile ein mørk vri.



Brynjulf Jung Tjønn: Norsk kjærleik

2024 | 126 sider | Cappelen Damm

Norsk kjærleik er Brynjulf Jung Tjønn sin tematiske, men frittstående oppfølgjar til diktsamlinga *Kvit, norsk mann*. Framsidene, titlane, tema og motiv kvernar og spenner mot kvarandre i begge samlingane. Nektarinen som kviler i den vesle barneneven til Tjønn. Det rasistisk motiverte dødsfallet til Arve Beheim Karlsen i Sogndalselvi i 1999. Begge desse skilsettande hendingane er med i samlingane. Det same er avdekte og kritiske sider ved adopsjonspraksisen frå Sør-Korea til vestlege land gjennom mange tiår.

I *Norsk kjærleik* er det likevel og nettopp kjærleik som renn som ein klar straum gjennom diktsamlinga. Tjønn går igjen i djupna på si eiga livshistorie, og opp og fram kjem dikt som fløymer i spennet mellom vest i Noreg og sør i Korea. Dikta har narrative element frå Tjønn sitt verkelege liv og går i djupna der det gjer mest vondt. Med si særeigne stemme, ro og nøysemd skildrar Tjønn det nærmast umoglege spennet som er ved å vekse opp som ein gut fødd i Korea og adoptert som odelsgut til ein gard på Vestlandet.



Inger Johanne Sæterbakk: Hjartesprenge

2023 | 189 sider | Aschehoug

Inga liker Nils. Men det er det fleire jenter som gjer. Inga og Nils har alltid kjent kvarandre, dei er naboar og tar den same bussen til skolen. For Inga er midttimen måndag den verste timen i heile veka. Då blir det snakka om det spennande i helga, men Inga har ingenting å fortelje. Inga er usikker: «Eg skammar meg over alt eg ikkje har talent for. Å kysse, drikke, vere på fest. Vere 16 år». Men noko endrar seg då Nils spør om ho ikkje vil bli med på den kommande russefesten. Ho får han til å love at dei skal henge saman då.

Kalle er den gode naboen til Inga. Han er 70 år, men dei to har mykje å prate om. Sæterbakk skildrar godt den manglande sjølvtiliten Inga kjenner på, at ho ikkje er like kul som dei andre jentene. Sæterbakk får også fram korleis venskap på tvers av generasjonar kan vere veldig givande og meningsfullt for begge partar.




Erlend Skjetne: Størst og minst

2024 | 195 sider | Flamme forlag

Familien til seksten år gamle Sissel legg alt til rette for dei spesielle behova til storesøstera Åshild. Det er ingen nøklar til å låse korkje rommet eller badet, dei reiser aldri med fly, og Sissel er vand med å greie seg sjølv og ta ansvar for søstera si. Åshild har kognitive funksjonsnedsettingar, manglar språk og treng hjelp til det aller meste. Me følgjer Sissel i ein periode med store omveltingar. Ho har fått tilbod om ein sommarjobb i Kjøllefjord i Finnmark, skal søkje plass på vidaregåande, og ikkje minst: Til sommaren skal storesøstera flytte inn i ein kommunal bufellesskap. Sissel kjenner ikkje til ein familiekvardag utan Åshild, og ho er uroa for det framtidige familielivet utan storesøstera i hus. Det er vanskeleg å vere veslesøster til Åshild, men endå vanskelegare å ikkje skulle vere det.

Romanen gir eit nyansert bilete av oppveksten saman med ei storesøster som ikkje er som andre storesøstrer.



Her finn du tips til bøker som passar for elevar i vidaregåande.
Nokre bøker er lette å lese, andre passar for bokslukaren.

Du finn fleire boktips på
www.nynorskbok.no

